



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Referat

Styremøte 3-2019 – 11.06.2019

Sted: Telefonmøte (15:30 – 18:00)

Til stede:

Styre: Per Dag Hole, Kristin Hille Valla, John Olsen,
Raymond Sørensen, Kristin Prestvold og Egil
Mikkelsen.

Sekretær: Trond Stensby; Ellen Sørungård Syse (berre ved starten av møtet)

Sak 14/19 Befaring – status planlegging, drøfting detaljer i program

Behandling:

Generelt:

ESS:

Synfaringa med ICOMOS/IUCN har ei førebels budsjetttramme på kr. 163'.
Programoppstilling i budsjettet samsvarar med forslag til program frå 28.04.18.
Synfaringa vil finne stad måndag 12.08.19 – torsdag 15.08.19.

EM: Programmet - fordeling av tid: 11,5 inne/ute, der 3,5 ute. Ynskjeleg med meir tid ute?

PDH: Meir detaljert gjennomgang av kostnadsfordeling med RA. Til Trond: Drøfte med RA og Ellen jf. også Taugbøl si attendemelding.

JO: RA dekker utgifter for eigne deltakarar (3) + ICOMOS/IUCN (2).

KHV: Ikkje budsjettert utgifter til ordførarar og ressurspersonar. Kven skal inviterast. Sekretariatet bør ha eit utkast til invitasjon klart fredag 14.06.19.
Svarfrist for styret måndag 17.06.19, kl. 12:00.
Frist for påmelding må bli sett til 10.07.19. (Deretter evt. puringar).

...

Styret drøfta vidare innhald og arbeid med synfaringa:

Dronefilming:

ESS: Runar Hole (arkeolog) og Lasse Stadeløkken i Trollbinde er engasjert for utføring av prosjektet. Ellen kjem med meir informasjon når det har kome noko nytt i saka.

PDH: Må stadfeste avtalar for å sikre gjennomføring av prosjektet! Ellen har fått styret sine innspel? Sende styret eit oppsett for prosjektet, samråd med Runar Hole .

JO: Viktig å ha ei spektakulær framvising? Dronefilm – heile visinga på Hjerkin eller delt med vising i Lom? Har også ein film til 2008/09? Trond sjekkar om den er tilgjengeleg?

EM: Er det eigna lokale på Hjerkin?

RS: Det store møterommet på Hjerkin eignar seg godt – produktet som avgjer om det blir ei vellukka vising!

KHV: Utgifter til dronefilming inn her, kr. 50'?



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Hjerkinn/Kongsvold, måndag 12.08.19

KHV: Invitere med på middagen: 13 ordførarar og tre frå ressursgruppa: Arne Sandnes, Stein Lier Hansen og Dag O. Hessen. I tillegg: Fylkesmannen i Innlandet; Fylkesmannen i Trøndelag; Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vidare: politisk leiing i Oppland fylkeskommune, Hedmark fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Denne gruppa blir innkvartert på Hjerkinnhus.

PDH: Ordførarane får dekkja middag, men må dekke reise og overnatting sjølve, jf. vanleg praksis.

Hjerkinn / Grimsdalen /Vågå, tysdag 13.08.19

KHV: Gruppa med ordførarar og ressurspersonar m.fl. får ein separat presentasjon i eit eige møterom på villreinsenteret.

RS: På turen opp til Viewpoint Snøhetta blir det guiding med naturretteleiarane frå Norsk Vilreinsenter. Vidare vil Olav Strand føredra om arten villrein på Viewpoint Snøhetta.

JO: John tek hovudansvaret for presentasjon av prosjektet. I tillegg vil det vera ynskjeleg med presentasjon av prosjektet ved Reidar Andersen. M.a. fordi R. A. er ein god førelesar, kan engelsk godt, flink med historiske liner, engasjert og har professortittel. John: Egil vil føredra om det samiske innslaget i prosjektområdet.

PDH: Framskynde avgangen til Viewpoint Snøhetta til kl. 12:00. Får då ein time ekstra i Grimsdalen.

KP: Viktig å gje ICOMOS/IUCN tid til å fange opp omgjevnadane, og å ta inn informasjon, opplevingar og inntrykk.

EM: Frå Tollevshaugen er det eit fantastisk panorama mot Rondane, vidare Bjørnsgard, Grimsdalshytta gravhaugar, dyregraver og anlegget på Einsethøe/Tøftum.

PDH: Ha eit kulturelt innslag på Gammel-Kleppe i Vågå? 3 – 4 unge utøvarar frå Vågå Spelmannslag?

Lom / Lesja, onsdag 14.08.19

PDH: Tre timer i Lom - er det for god tid? Espen Finstad vil føredra om fonnefunn. Tid til vandring i utstillingane, samt lunsj.

RS: Tida i Lom gjev rom for å presentere funn og anlegg på Litlejordhornet i Norddal.

KHV: Avklare med Ellen. Dronefilm + Espen Finstad + vandring i utstilling guiding v. Mai Bakken? (min. 30.) Kristin kontaktar Mai Bakken.

JO: Verket – parallelt med Grimsdalen. Utgravingar i 2018, no blir det mir same lokaliteten som i Grimsdalen. Ein kan spare tid i Lom, og kutte ut posten på Slådalen. I staden kan ein legge inn ein tur til Lordalen og Reinheimen: steinmurte fangstgraver – ikkje langt frå veg, ved grustaket ved Nysætre.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Redusere med ein time på Lesja bygdamuseum. Trond sjekker om den samiske ildstaden er kome attende frå Trondheim?

Middag på hotellet på Dombås – lokal meny.

Dovre / Oppdal, torsdag 15.08.19

RS: Fangstgroprekkja på Dovrefjell, guiding ved naturrettleiarar frå Norsk Villreinsenter.

KP: Vangfeltet. Viktig å komme eit stykke ned i feltet. Vil samrå seg med Ingvild Dalseg om opplegget.

Vedtak:

Budsjettet for synfaringa teke til orientering med merknadar.

Styret har etter dette justert programmet for synfaringa slik:

Befaring ICOMOS/IUCN august 2019			
Dato	Klokket	Sted/lokalitet	Beskrivelse
12.08.	18:39	Hjerkinn	Ankomst Hjerkinn stasjon
"	19:30	Kongsvold	Innlosjering og middag. Overnatting 15 pers
"		Hjerkinnhus Hotell	Overnatting ca 20 pers
13.08.	09:00 – 11:00	Hjerkinn	Presentasjon av prosjektet.
"	11:00 - 14:00	Viewpoint Snøhetta	Lunsj. Vandring til Viewpoint Snøhetta. Informasjon om formidling og arten villrein.
"	14:00		Buss. Hjerkinn - Folldal - Fallet. Inn Grimsdalen.
"	15:00	Grimsdalen (Tolleivshaugen ?)	Medbragt mellommåltid
"	19:30	Gammel-Kleppe	Middag og overnatting (Vågå hotell)
14.08.	10:00 - 13:00	Lom	Omvisning og presentasjoner, lunsj (levert fra Bakeriet)
"	13:00 - 15:00	Buss til Lordalen	
"	15:00 - 16:00	Lordalen	Omvisning og orientering murte fangstgraver, ved Nysætre.
"	16:00 - 17:00	Buss til Lesja Bygdemuseum	
"	17:00 – 17:45	Lesja Bygdemuseum	Litt "pusterom" - villreirutstilling
"	18:00	Dombås	Middag og overnatting Dombås Hotell
15.08.	09:00 - 11:30	Dovrefjell	Fangstgravrekka over Dovrefjell.
"	11:30 - 13:00	Oppdal	Vangfeltet
"	13:00 - 14:00	Oppdal	Lunsj
"	15:00	Oppdal	Avgang Oppdal stasjon



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Sak15/19 Status søknader om finansiering

Behandling:

KHV orienterte:

Fylkesmannen i Oppland: Løyvd kr. 200'

Fylkesmannen i Hedmark: Løyvd kr. 100'

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen: Løyvd kr. 50'

Oppland fylkeskommune: Tilsegn kr. 100'

Trøndelag fylkeskommune: Signal om kr. 100'

Neset kommune: Innstilt på kr. 20'

Søknad om skjønsmidler til Fylkesmannen i Trøndelag, kr. 100'. Kjem evt. fyrst i 2020.

Vedtak:

Styret tek opplysingane til orientering.

Trond sjekker saldo, og gjev svar til Oppland fylkeskommune.

Sak 16/19 Sekretariatsfunksjon

Til referat frå førre møte:

Ellen Sørungård Syse opplyste at ho ville seie frå seg oppgåva som selretær. Det har vore arbeid med å finne ein erstattar, t.o.

Per Dag informerer om avtale med Lesja kommune.

Styret tek saka til etterretning.

Sak 17/19 Eventuelt

PDH: Arbeidet med eige org.nr. er stilt i bero, då prosjektet kan nytte Lesja kommune sitt org.nr.

JO: Fagrapporten

Egil kan bidra med generelle kapittel om naturgeografi, type fangstanlegget, og ei meir overordna kulturhistorisk omtale av området.

Egil sin rapport om sør-samiske funn, blir å oversette til engelsk som ein del av opplegget for synfaringa.

KHV:

Til orientering så har RA i 2019 løyvd kr. 54 mill. til verdsarvstadar i Norge: Rjukan 17 og Notodden 17; Vega 2 mill; Bergstaden Røros, 10,9; Alta 4 mill.; Vestlandske fjordlandskap 1,6; m.fl. og Foreningen Norges Verdensarv 300 tusen.

Lesja, 11.06.2019

Trond Stensby

ref.